

Retningslinjer for varsling og tap av studierett grunna manglande produksjon av studiepoeng

Fastsatt av KA- studieadministrasjon ved Høgskulen på Vestlandet 24.01.2018
Retningslinjene er regulert av forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet (heretter forskrifta) med verknad frå 24.01.2018

Generelt om informasjon

Retningslinjene gjelder varsling etter eitt semester, og tap av studierett for studentar som i to semester på rad oppnår null studiepoeng jf. forskrifta § 4-6 (3).

Konsekvensar for manglande produksjon av studiepoeng:

Inndraging av studierett for studentar som i to semester på rad oppnår null studiepoeng jf. forskrifta § 4-6 (3)

Unntak: studentar som har fått innvilga permisjon jf. § 4-7 og mellombels utestenging frå høgskulen etter vedtak i høgskulen si klagenemnd.

Sakshandsaming:

Varsling

Studierettleiar/sakshansamar for studieprogramma sender ut e-post via FS innan medio januar/ august, med informasjon og varsel om tap av studierett grunna manglande studiepoengproduksjon etter eitt semester. Varselet inneheld i tillegg en generell invitasjon til rettleiing.

Inndraging

Studierettleiar/sakshansamar for studieprogramma går gjennom studiepoengproduksjonen etter to semester. Brev med vedtak blir sendt ut via P360 innan 1.februar/1. september, og studieretten vert sett til «inndratt» i FS.